

## Beste tipparane i bygda!

28.09.2010



Beste tipparane: Frode Andersen, Frank Steinsletten og Joakim L. Myklebust (Foto: Ola Matti Mathisen)

### Er du Uskedalens beste tippar?

Spørsmålet har vore stilt i 5 veker i tippeshjørnet på SPAR og no er det avgjort kven som har vunne tippetevlinga.

Det var Frode Andersen som gjekk til topps med 37 rette, foran Frank Steinsletten med 33 og Joakim L. Myklebust med 31..

I ettermiddag fekk dei premiane for innsatsen: Frode fekk ein flott pokal, armbandsur, badehandkle og jakke, Frank fekk ryggsekk og jakke og Joakim handkle og jakke.

Tevlinga har gått ut på utfylling av ein 64 rekkers kupong men diverre har berre 8 vore med.

Difor blir det ein reduksjon til 32 rekker når den nye omgangen startar om stutt tid. På den måten håpar ein å auke oppslutnaden.

Dette er dei andre deltakarane i runden som no er avslutta:

4. Jannike L. Myklebust 29
5. Kari Ljosnes 26
6. Odd S. Arnesen 23
7. Bjørn Bringedal 19
8. Tom Haugland 7